

**KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2020/503****2023/EØS/2/73****av 3. april 2020**

**om endring av avgjerd 2014/312/EU for å utvide unntaket for sinkoksid slik at det vert tillate å nytte dette stoffet som stabilisator i konserveringsmiddel «til bruk i emballasje» og i «fargepastaer»**

[meld under nummeret C(2020) 1979](\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Forordning (EF) nr. 66/2010 fastset at EU-miljømerket kan tildelast produkt som har ein redusert miljøverknad gjennom heile livssyklusen sin. Det skal innførast særlege kriterium for tildeling av EU-miljømerket for kvar produktgruppe.
- 2) Kommisjonsavgjerd 2014/312/EU<sup>(2)</sup> innfører desse kriteria, og tilhøyrande krav til vurdering og kontroll, for måling og lakk til innandørs og utandørs bruk.
- 3) I nr. 1 bokstav d) i tillegget til avgjerd 2014/312/EU vart det gjeve eit unntak for sinkoksid (ZnO, CAS: 1314-13-2), med fareklassane H400 (akutt giftig for vassmiljøet, kategori 1) og H410 (kronisk giftig for vassmiljøet, kategori 1) for bruk som stabilisator i kombinasjonar av konserveringsmiddel til tørrfilm som krev sinkpyrition (ZPT) eller 1,2-benzisotiazol-3(2H)-on (BIT) i ein konsentrasjon på opptil 0,05 %.
- 4) BIT er ikkje godkjent for bruk som konserveringsmiddel til tørrfilm i samsvar med vedlegget til kommisjonsavgjerd 2010/72/EU<sup>(3)</sup>. Føremnde nr. 1 bokstav d) må difor endrast.
- 5) Ei rekkje nasjonale rette organ som tildeler EU-miljømerket, har føreslått å utvide det noverande unntaket for sinkoksid, slik at det vert tillate å nytte det som stabilisator for konserveringsmiddel òg «til bruk i emballasje» og i «fargepastaer».

(\*) Denne uionsrettsakten, kunngjort i EUT L 109 av 7.4.2020, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 228/2020 av 11. desember 2020 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), ennå ikke kunngjort.

<sup>(1)</sup> TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

<sup>(2)</sup> Kommisjonsavgjerd 2014/312/EU av 28. mai 2014 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til måling og lakk til innandørs og utandørs bruk (TEU L 164 av 3.6.2014, s. 45).

<sup>(3)</sup> Kommisjonsbeslutning 2010/72/EU av 8. februar 2010 om at visse stoffer ikke skal oppføres i vedlegg I, IA eller IB til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/8/EF om markedsføring av biocidprodukter (TEU L 36 av 9.2.2010, s. 36).

- 6) I tråd med konklusjonane frå dugleikskontrollen av EU-miljømerket (REFIT) av 30. juni 2017 har kontora til Kommissjonen saman med Utvalet for miljømerking vurdert relevansen av denne endringa for å garantere ein omfattande bruk av ordninga for denne produktgruppa. Offentlege aktørar har òg vortne rådspurde.
- 7) På grunnlag av opplysningar frå leverandørar og målingsprodusentar vert ZnO nytta til stabiliseringsføremål i måling og lakk saman med dei to konserveringsmidla ZPT og BIT, som vert nytta til å hindre uønskt mikrobiell vekst i måling.
- 8) ZnO har ein stabiliserande funksjon i måling der ZPT og BIT vert nytta som konserveringsmiddel. ZnO hindrar den tendensen som ZPT har til å danne kelat med andre metallion, vanlegvis jarn og kalsium, og til å danne farga kompleks som gjev ei uønskt fargeendring i målinga. I kombinasjonar med BIT hindrar ZnO det i å gå over frå vassfasen til den organiske fasen i målinga (t.d. bindemiddelet), slik at det vert meir tilgjengeleg i vassfasen, der risikoen for mikrobiell vekst er høgare. Utan ZnO ville levetida til målinga vore redusert til nokre få veker, noko som òg ville redusert lagringstida.
- 9) Avgjerd 2014/312/EU tillèt allereie at ZPT vert nytta til tre funksjonar: som konserveringsmiddel til bruk i emballasje, som konserveringsmiddel i fargebrekkingsmaskiner og som konserveringsmiddel til tørrfilm, i ein konsentrasjon på opptil 0,05 %, og at BIT vert nytta i ein konsentrasjon på opptil 0,05 % i det ferdige, bruksklare produktet. Det synest difor føremålstenleg å tillate at stabilisatoren ZnO vert nytta til dei same funksjonane.
- 10) Når ZnO vert nytta til å stabilisere kombinasjonar av konserveringsmiddel til bruk «i emballasje» eller i «fargepasta», er miljøverknadene venta å vere lågare enn når det vert nytta i kombinasjonar av konserveringsmiddel til tørrfilm (som det allereie er gjeve unntak for innanfor dei noverande kriteria), ettersom ein vanleg dose av ZPT som vert nytta til konservering av tørrfilm i utandørsmåling, vil vere om lag ti gonger større enn den som er naudsynt for å konservere innandørsmåling i emballasjen.
- 11) I alternativ som er i bruk hos produsentane, i form av andre kombinasjonar av konserveringsmiddel som ikkje treng ZnO til stabilisering, vert det hovudsakleg nytta MIT (2-metyl-2H-isotiazol-3-on). I medhald av artikkel 3 tredje leddet i kommisjonsforordning (EU) 2018/1480<sup>(4)</sup> vil MIT frå og med 1. mai 2020 likevel verte klassifisert mellom anna som hudsensibiliserande i kategori 1A med faresetninga H317 (kan utløyse ein allergisk hudreaksjon). Dette vil utløyse klassifiseringa hudsensibiliserande i kategori 1A med faresetning H317 òg for ferdige målingsprodukt med ein MIT-konsentrasjon på 15 ppm eller høgare. Noverande vitskapleg forskning syner at MIT ikkje er effektivt som konserveringsmiddel i konsentrasjonar på under 15 ppm.
- 12) ZPT, BIT eller kombinasjonar av desse vert rekna som dei einaste andre brukbare alternativa til MIT, men dei vil krevje ZnO til alle dei moglege bruksområda sine.
- 13) Difor let det seg teknisk ikkje gjere å erstatte ZnO.
- 14) Data frå aktørane viser at det trengst opptil 0,030 % ZnO for å oppnå tilstrekkeleg stabilisering i konserveringsmiddelkombinasjonar som inneheld ZPT og som vert nytta i emballasje og i fargepasta, medan det trengst 0,010–0,040 % ZnO i kombinasjonar med BIT.
- 15) Avgjerd 2014/312/EU bør difor endrast.
- 16) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010.

<sup>(4)</sup> Kommissjonsforordning (EU) 2018/1480 av 4. oktober 2018 om endring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 om klassifisering, merking og emballering av stoffer og stoffblandinger for å tilpasse den til den tekniske og vitenskapelige utvikling, og om retting av kommisjonsforordning (EU) 2017/776 (TEU L 251 av 5.10.2018, s. 1).

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Einaste artikkelen*

I tillegget til avgjerd 2014/312/EU, i avsnittet med overskrifta «1. Konserveringsmiddel som er tilsette i fargestoff, bindemiddel og sluttproduktet», skal bokstav d) (Stabilisatorar for konserveringsmiddel) lyde:

Stoffgruppe	Omfanget av avgrensinga og/eller unntaket	Konsentrasjons- grenser (eventuelt)	Vurdering og kontroll
«d) Stabilisatorar for konserveringsmiddel	Det vert gjeve unntak for bruk av sinkoksid som stabilisator for:		Kontroll: Fråsegn frå søkjaren og råstoffleverandørane til søkjaren.»
	Kombinasjonar av konserveringsmiddel til bruk i emballasje og kombinasjonar av konserveringsmiddel til fargepasta som krev sinkpyrition, med eller utan 1,2-benzisotiazol-3(2H)-on (BIT).	0,030 %	
	Kombinasjonar av konserveringsmiddel til bruk i emballasje og kombinasjonar av konserveringsmiddel til fargepasta som krev 1,2-benzisotiazol-3(2H)-on (BIT).	0,040 %	
	Kombinasjonar av konserveringsmiddel til tørrfilm som krev sinkpyrition.	0,050 %	

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel 3. april 2020.

*For Kommissjonen*

Virginijus SINKEVIČIUS

*Medlem av Kommissjonen*